



Fyresdal kommune
Sektor for plan og teknikk

KLIMA- OG MILJØDEPARTEMENTET
Postboks 8013 DEP
0030 OSLO

Melding om vedtak

Dykkar ref:	Vår ref	Saksbeh:	Arkivkode:	Dato:
	2017/1510-4	Einar Mikkelsen,35067132 einar.mikkelsen@fyresdal.kommune.no	K70	21.12.2017

Høyringsuttale til endring av Vannforskriften

Syner til vedlagte særutskrift/vedtak.

Vedtaket kan påklagast til kommunen. Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen brevet kom fram til den påførte adressaten. Det er tilstrekkeleg at klaga er postlagt innan fristen.

Klaga skal sendast skriftleg til den som har fatta vedtaket, syne til vedtaket det blir klaga over, den eller dei endringar som er ynskjelege, og dei vilkåra du vil klage over. Dersom du klagar så seint at det kan vere uklart for oss om du har klaga i rett tid, blir du beden om å oppgi når denne meldinga kjem fram.

Med helsing

Einar Mikkelsen
senioringeniør

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift



Fyresdal kommune

Arkiv: K70
 Saksmappe: 2017/1510-2
 Saksbeh.: Einar Mikkelsen
 Dato: 27.11.2017

Saksframlegg

Høringsuttale til endring av Vannforskriften

Utval	Utvalssak	Møtedato
Hovudutval for plan og miljø	48/17	04.12.2017
Kommunestyret	52/17	14.12.2017

Endeleg vedtaksrett i saka har: Kommunestyret

Vedlegg:

- 1 Høringsnotat(1)
- 2 Høring av forslag til endring i vannforskriften og naturmangfoldloven(1)

Bakgrunn for saka: Klima- og miljødepartementet og Olje- og energidepartementet har sendt på høring forslag til endringar av vannforskriften og naturmangfoldlova. Forslaget gjeng ut på at fylkeskommunen ikkje lengre skal ein formell rolle i vannforvaltningsarbeidet. Arbeidet skal no gjerast av Miljødirektoratet, og fylkesmennene skal koordinere det forberedande arbeidet. Frist for høringsinnspel er 15. januar 2018

Vurdering:

Spørsmålet/saka er vurdert ut frå følgjande mål i økonomiplanen for 2017 – 2020, arealforvaltinga i kommunen skal take omsyn til busetjing, næringsliv og naturkvalitetar. Noreg slutta seg til EUs rammedirektiv for vann (vanndirektivet) gjennom Forskrift om rammer for vannforvaltning (vannforskriften) som trådte i kraft 2007. Formålet med vannforskriften er «å gi rammer for fastsettelse av miljømål som skal sikre en bærekraftig bruk av vannforekomstene». Forskriften skal og sikre at det utarbeidast regionale vannforvaltningsplanar med sikte på oppnå miljømåla. Vannforvaltningsplanene utarbeidast no som regionale planar etter plan- og bygningsloven og vannforskriften. Arbeidet følgjer ikkje kommune- og fylkesgrenser, men nedbørsfelt. Vidare skal ein jobbe heilhetleg på tvers av sektoransvar og geografiske grenser i eit langsiktig perspektiv for å oppnå godt vann.

Vannregion Agder består av Vest-Agder, Aust-Agder, ein del av Telemark med Fyresdal og litt av Rogaland. Vest-Agder fylkeskommune er vannregionmynde. I vannregion Agder er det i samsvar med vannforskriften utarbeida Regional plan for vannforvaltning for vannregion Agder 2016-2021. Planen blei vedtatt i fylkestinga innan fristen 1. juli

2015, og endeleg godkjend av Klima- og miljødepartementet (KLD) i juli 2016, med endringar innafor vannkraft.

Etter tidlegare signal har ein trudd at ein skulle jobbe vidare med denne modellen, men så kom dette høyringsnotatet med framlegg til endringar. No skal ikkje vannforvaltningsplanane være regionale planar etter plan- og bygningslova, men heimlas i naturmangfaldlova. Det er då Miljødirektoratet med Fylkesmennene som skal stå for utarbeiding av vannforvaltningsplanane. Dei meiner at dette skal gjera til meir effektive prosessar, kostnadseffektivitet og betre samsvar med vanndirektivet. Det vil då seie at ein vil gå frå regionale planar til statlege planar.

Endringa i naturmangfaldlova er berre ein ny paragraf som heimlar vannforvaltningsplanane.

Rådmannen meiner at plan- og bygningslova er eit godt reiskap som kan sikre god sektorovergripande og heilskapleg vannforvaltning. Den endringa som det er lagt opp til vil kunne gje mindre lokal forankring og gjennomføring og såleis svekke føremålet med vannforskriften som er å ha godt vatn. Det er her tale om å flytte dette arbeidet frå demokratiske arenaer lokalt og til statlege kontorar. Det er og merkeleg i høve til at regjeringa har drive fram ein regionreform som skulle gje Fylkeskommunen fleire oppgåver og ikkje færre.

Det er oppretta 2 stillingar som vannområdekoordinatorar i vannregion Agder, desse er tilsett i Vest-Agder fylkeskommune og lønna gjennom statlege midlar til vannregionmyndigheten. Kommunen har hatt stor nytte av desse og ved usikkerhet rundt vidareføring vil desse kunne forsvinne.

Det er argumentert med at det er behov for å forenkle arbeidet med vannforvaltningsplanane og at staten bør ha ansvaret der det er nasjonale interesser. Det ligg då under at demokratiske prosessar vert sett på som for tidkrevjande og at det er effektiviserande å fjerne desse.

Arbeidet utarbeidinga av vannforvaltningsplanane etter plan- og bygningsloven har vore omfattende og ressurskrevende. Eit moment er at det tok tid å bygge opp ein god organisering og samarbeidsprosesser som inkluderte alle dei involverte. No når dette er på plass, vil neste planprosess bli betydeleg mindre ressurskrevende og meir effektiv. Om ein no skal gjere om på alt saman vil mykje av arbeidet gjerast på nytt.

Konklusjon:

Dei regionale vannforvaltningsplanane har berre virka i knapt 1,5 år og så vidt kome igang med gjennomføringa. Det er då meningslaust å kaste 7 års arbeid på båten ved å sitte att med uforpliktande planar svekka for felles einighet om mål og tiltak. Dårleg eigarskap i kommune og region vil gjera til at ein vil miste mykje av framdrifta i dette arbeidet, det vil ikkje gje noko effektivisering.

Ein bør ikkje gjera slike omfattande endringar no, spesielt ikkje når ein samstundes er inne i ein regionreform som i utgangspunktet skulle fordele fleire oppgåver ut til regionalt nivå.

Innstilling frå rådmannen:

1. Fyresdal kommune støttar ikkje endringane som er foreslått i vannforskriften om at vannforvaltningsplanane ikkje lengre skal handsamast som regionale planar etter plan- og bygningslova og at fylkeskommunen ikkje lengre skal ha ein formell rolle i vannforvaltningsarbeidet. Kommunen meiner at regional plan etter plan- og

bygningsloven er et godt verktøy for å fremme sektorovergripande heilhetlig vannforvaltning og for å nå målene om godt vannmiljø.

2. Dagens organisering av vannforvaltninga bør oppretthaldast for å sikre ein god politisk forankring i kommunane, engasjerte lokalsamfunn og aktiv deltaking frå alle partar.
3. Det regionale forvaltningsnivået som fylkeskommunen er bør framleis ha plan- og prosessansvaret for dei regionale vannforvaltningsplanane med tiltaksprogram av di fylkeskommunen har ein omfattande rolle som regional samordnar og samfunnsutviklar, noko staten ikkje vil kunne være.

Handsaming i Hovudutval for plan og miljø - 04.12.2017

Samrøystes i samsvar med innstilling frå rådmannen.

Vedtak i Hovudutval for plan og miljø - 04.12.2017

4. Fyresdal kommune støttar ikkje endringane som er foreslått i vannforskriften om at vannforvaltningsplanene ikkje lengre skal handsamast som regionale planar etter plan- og bygningslova og at fylkeskommunen ikkje lengre skal ha ein formell rolle i vannforvaltningsarbeidet. Kommunen meiner at regional plan etter plan- og bygningsloven er et godt verktøy for å fremme sektorovergripande heilhetlig vannforvaltning og for å nå målene om godt vannmiljø.
5. Dagens organisering av vannforvaltninga bør oppretthaldast for å sikre ein god politisk forankring i kommunane, engasjerte lokalsamfunn og aktiv deltaking frå alle partar.
6. Det regionale forvaltningsnivået som fylkeskommunen er bør framleis ha plan- og prosessansvaret for dei regionale vannforvaltningsplanane med tiltaksprogram av di fylkeskommunen har ein omfattande rolle som regional samordnar og samfunnsutviklar, noko staten ikkje vil kunne være.

Handsaming i Kommunestyret - 14.12.2017

Samrøystes i samsvar med vedtaket i hovudutval for plan og miljø.

Vedtak i Kommunestyret - 14.12.2017

7. Fyresdal kommune støttar ikkje endringane som er foreslått i vannforskriften om at vannforvaltningsplanene ikkje lengre skal handsamast som regionale planar etter plan- og bygningslova og at fylkeskommunen ikkje lengre skal ha ein formell rolle i vannforvaltningsarbeidet. Kommunen meiner at regional plan etter plan- og bygningsloven er et godt verktøy for å fremme sektorovergripande heilhetlig vannforvaltning og for å nå målene om godt vannmiljø.
8. Dagens organisering av vannforvaltninga bør oppretthaldast for å sikre ein god politisk forankring i kommunane, engasjerte lokalsamfunn og aktiv deltaking frå alle partar.
9. Det regionale forvaltningsnivået som fylkeskommunen er bør framleis ha plan- og prosessansvaret for dei regionale vannforvaltningsplanane med tiltaksprogram av di fylkeskommunen har ein omfattande rolle som regional samordnar og samfunnsutviklar, noko staten ikkje vil kunne være.

Ketil O. Kiland	
rådmann	Einar Mikkelsen
	senioringeniør